

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. ~~211x~~ 76

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Avaldsnes

Emne: Dei "Kloke"

Bygdelag: Karmöysida

Oppskr. av: Peder Skeie

Gard: Meland

(adresse): Avaldsnes

G.nr. 35 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Om dei "Kloke" er det nok ikkje mykje å fortelja frå bygdelaget her. Det har frå tidlege tider vore tale om "kjrringe-råder" ved sjukdomstilfelle. Etter det eg har greie på var det helst sterk kaffi som var det viktigste. Elles bruka dei iglar for nesten alle slags sjukdomar. Dglane skulle suga ut det sjuke blodet. Somme koner for ikring med slike iglar, og dei vart kalla "Iglakjerringar". Det varlevis nasetippen som "blø" for sjukdomane i kroppen, og eg har sjölv set desse iglane hengjande ned frå nasen. Om det var nokon som vart god av "igling" kan eg ikkje seie noko om.

Så hadde ein årelating. Eg hugsar berre ein mann som greidde opp med dette. Han heitte Helge Olsen, Kvalavåg. Han var gamall i mi barndomstid. Han hadde eit apparat som han kalla "bill" som hogde hol ein eller annan stad. Eg såg ein gong på at hantok ei årelating i storetåa hjå ein mann. Det skulle kurrera mannen for ein ~~ikk~~ stadig verk i hovudet. Eg trur ikkje det hjelpte stor.

Öyreringar var bruka for dårlege augo.

Å bera ei snei av ei poteta hengjande etter ein tråd på ryggen skulle kurrera for gikt. Same verknaden hadde "gigtringar". Det var ein slags kopar- eller bronse-ringar som giktpasienten skulle gå med på fingeren. I min barndom for elles ein mann ikring med eit elektrisk apparat - eit slags induksjonsapparat- til gikt-kurrering.

Ein slga sjukdom heitte "mo-sottå". Noteråda for denne var at dei skulle "mælast". Å mæla for mosottå, var eit vanleg uttrykk. Pasienten stor med armene rett ut til sides, og kurreringa skjedde ved at den kunnige spante med handa frå yterste fingerspiss på eine sida til den yterste på den andre - opp tt og oppatt & med eit og anna trolsk ordtak inn i mellom.

Srøvt meir veit eg ikkje. Eg går då ut frå at vanlege naturlekjarar ikkje skal takast med her.